


1973

Vestlandskappleiken

viste spel og dans i

landsklasse



Thomas Stensgård
frå Ål, til topps i
lausdansen.



Johannes Sundsvalen frå Sauherad, ung spelemann som ein kan vente seg mykje av. Fin førstepremie både i Bergen, på Hilme-stemnet og i Porsgrunn.

Foto: G. Møllen

3. pr.: Sigrunn Juvet — Johannes Bakka, Heddal 62.

Klasse D:

2. pr.: Ingebjørg Neset, Fjellrosa 69.

Kl. C:

2. pr.: Sølvi Aasland, Vårlengt 73,5. Bente Enggravslia, Fjellrosa 72,5. Hilde Aasland, Vårlengt 70,5. Hilde Bergwitz, Arendal 70.

Barneklasse:

2. pr.: Ingunn Pladsen, Vårlengt 74. Eva Karlsen, Vårlengt. Mai Britt Deilrind — Jens Kåre Åsen, Vårlengt 66.

Halling:

1. pr.: Thomas Stensgård, Hallingdal 85,5. Peder Kolsrud, Hallingdal 80,5.

Visesong:

1. pr.: Bjarne Øverbø. Amotsdal 188. Torbjørg Aamlid Paus, Setesdal 168.

2. pr.: Aslak Austad, Setesdal 160.

3. pr.: Olav Kleivi, Messtrand 135.

Vestlandskappleiken i Førde vart særers vellukka, der publikum kunne glede seg over mykje vakkert å sjå og høyre, med spesielt høgt og jamnt nivå i A-klassane. Eit slikt vellukka arrangement er særleg gledeleg sett ut frå at tilskipinga markerer utvidinga av Vestlandskappleiken til også å omfatte Sunnfjord og Nordfjord. At vandrepremiane både i beste danseslåt og individuelle dansar gjekk til Sunnfjord, skulle vise det rettkomne bak denne utvidinga.

Eit gledeleg trekk, sett under eitt, er at dei unge så sterkt har gjort seg gjeldande. Interessen har auka dei siste åra både for folkedans og felespel, aktivitetar som det var nesten ei skam å drive med på desse kantar for ein del år sia. A-klassen i spel låg høgt, og det var vanskeleg å skilja dei beste åt. Men det var full semje blant dommarane om at Sigmund Eikås frå Jølster var bestemann, sjøl om det sjølsagt er ulik smak når det gjeld spel. Det er vel berre rimeleg at vi her i Fjordane ikkje er i stand til å dømme hardingane og Vossa-spelet fullt ut, liksom ein harding kan ha visse vanskar med å godta ein hivande kvikk nordfjordspringar. Dansen i klasse A stod fullt på høgde med dansen som blir prestert elles rundt om i landet. Svanhild og Steinar Drøsdal dominerte toppen ved å koma først med springar og bli nr. 3 med rudl.

Om ein elles skal nemne nokre høgdepunkt på stemna, kan ein ikkje utelate at stemneyden tydeleg sette pris på å høyre 75-åringen Anders Viken spele Jølstrabrura då programmet tok til sundag ettermiddag. Olina og Oddbjørn Hesjevoll fekk dessutan stor fagnad for si framføring av Jostedalsspringar, likeeins som gjesten T. Stensgård frå Ål gjorde med sine meisterlege hallingkast.

Artig var det å høyre innslag med seljefløyte, neverlur, bukkehorn og tussefløyte, dertil Margreta Oppheim frå Voss i kveding. Kvedinga er vel diverre eit felt der ein i Sunnfjord har hatt vanskar med å ta opp att tradisjonen frå gamalt.

Hardingfele kl. A.

1. pr.: Sigmund Eikås, Jølster 263. Leif Rygg, Voss 261. Lars Skjervheim, Voss 261. Finn Vabø, Bergen 253.

2. pr.: Ragnvald Lunde, Hornindal 228. Arne Sølvberg, Fjell i Nordfjord 223. Oddmund Dale, Bergen 221.

Hardingfele kl. B.

2. pr.: Svein Skjerdal, Sogndal 223. Richard Hilde, Sogndal 216. Rasmus Brendefur, Hornindal 214. Bjarne Mæ-



Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedå, Bergen.
Spelemannen er Finn Vabø.



Leif Rygg, Voss.



Sigmund Eikås frå Jølster.



Ragnvald Lunde frå Hornindal.

land, Voss 206. Øystein Rød, Bergen 202. Svein Nesje, Stryn 194. Ellef Hjelbakk, Stranda 186. Per Øyvind Tveiten, Bergen 180.

3. pr.: Einar Eimhjellen, Naustdal 179. Knut Sandnes, Jølster 178. Lars Brattabo, Hardanger 166.

Hardingfele kl. C.

2. pr.: Jørund Hage, Naustdal 161.
3. pr.: Jan Helge Ølmheim, Sogn 146.

Hardingfele kl. D.

2. pr.: Einar Bakkane, Naustdal 204. Lars Velure, Grimo 193. Arne Tryggstad, Stranda 193.
3. pr.: Asbjørn Sunde, Naustdal 173. Sigurd Bruflot, Naustdal 162.

Vanleg fele kl. A.

2. pr.: Ragnvald Lunde, Hornindal 231.

Vanleg fele kl. B.

2. pr.: Peder Raad, Breim 224. John Oddvar Kandal, Breim 209.
3. pr.: Olav Klakegg, Stranda 173.

Eldre folkemusikkinstrument.

1. pr.: Dagfinn Nupen, Ørsta. Seljefløyte og neverlur.
Arne Sølvberg, Fjell i N. fj. Tussefløyte.
2. pr.: Dagfinn Nupen, Ørsta. Munnharpe.
3. pr.: Dagfinn Nupen, Ørsta. Bukkehorn.

Kveding.

2. pr.: Margreta Oppheim, Vossestrand.

Vandrepokal:

Beste danseslått «Rotnheimsknut» Sigmund Eikås, Jølster.
Beste springar danseslått: Finn Vabø, Bergen.

Dans kl. A.:

1. pr.: Svanhild og Steinar Drøsdal, Bergen. Vestl. spr. 85. Olina og Oddbjørn Hesjevoll, Jostedal. Josted.spr. 83. Svanhild og Steinar Drøsdal, Rudl 83, Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedå, Bergen. Vestl.spr. 81. Anna og Lars Krenken, Jostedal. Josted.spr. 79. Gunnbjørg Skålevik og Arvid Vedå, Bergen Vossarudl. 79.